



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Nytt elektronisk skulekort

Informasjon til elevar og føresette



Nytt Elektronisk skulekort

Til alle elevar med rett til fri skuleskyss i Sogn og Fjordane

- Gjeld berre for reiser mellom heim og skule.
- Gjeld 2 reiser kvar dag inkludert overgang, ei til og ei frå skulen.
- Skal ikkje nyttast til reiser/turar i skuletida.
- Gjeld berre på dagar med undervisning på skulen, gjeld ikkje på fridagar eller i feriar.
- Kortet er personleg med namn og kortnummer. Det er ikkje lov å låne det ut til andre.



Du må registrere kortet i billettmaskina hos sjåføren kvar gong du går på bussen

Ta vare på kortet

Kortet skal nyttast alle åra du går på skule, så lenge du har rett til fri skuleskyss. Ta godt vare på kortet!

Kortet inneheld ein datachip med antenne. Difor må du ikkje:

- lage hol i kortet
- klyppe i kortet
- vaske eller brenne kortet
- bite i kortet
- bøye eller brette kortet

Tapt eller øydelagt kort

Dersom skulekortet vert øydelagt, tapt eller har teknisk feil, må du ta kontakt med skulen for bestilling av erstatningskort. Tapte kort som kjem til rette skal leverast til skulen.

For elevar frå og med 5. klasse kan det verte innført erstatningsgebyr for tapte og øydelagde skulekort.

Gløymt kort

Du får vere med bussen om morgonen sjølv om du har gløymt skulekortet.

Men du må ta kontakt med skulen for å få låne nødkort til heimreisa. Utan nødkort må du betale for heimreisa sjølv.

Kven har rett til skuleskyss?

- Elevar i 1. klasse som bur meir enn 2 km frå skulen
- Elevar i 2. - 10. klasse som bur meir enn 4 km frå skulen
- Elevar i vidaregåande skule som bur meir enn 6 km frå skulen
- Elevar utan skyssrett kan reise med bussen som vanlege passasjerar

Tryggleik på skulevegen

- **Vent** til bussen/båten har stoppa heilt opp før du går om bord.
- Gå roleg om bord og **registrer skulekortet** hos sjåføren eller billettøren.
- Sekk, gymbag eller liknande skal plasserast på golvet eller på fanget – ikkje sett det på setet ved sidan av deg.
- Bruk **setebelte!**
- **Sitt roleg** i setet. Gjer du ikkje det, utset du både deg sjølv og andre for fare.
- Gå roleg ut av bussen/båten. Vent med å krysse vegen til bussen har køyrt.
- Meld frå til skulen dersom du eller andre opplever **mobbing** på skulevegen. Sei også ifrå dersom det er ledige sete om bord, men du likevel ikkje får sitte.
- Du kan bli **nekta tilgang** på bussen/båten ved gjentekne tilfelle av bråk, mobbing eller oppførsel som verkar inn på trafikktryggleiken.

Spørsmål om skuleskyss?

- Kontakt skulen din
- Kontakt Sogn og Fjordane fylkeskommune: skuleskyss@sfj.no
Tlf.: 57 65 61 00

Kortet skal nyttast alle åra du går på skule, så lenge du har rett til fri skuleskyss. Ta godt vare på kortet!

Hugs skulekortet kvar dag!
Elles må du betale billett

Du må registrere kortet i billettmaskina hos sjåføren kvar gong du går på bussen



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Samferdsleavdelinga
fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 30 20
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framsida: jente med skulekort
Uforming og foto: kristinkom.no